



Kystverket v/prosjektet Stad skipstunnel

**Vår ref:**

Sak: 26/6091 JpID: 26/19269 Sbh: KDA

**Dykkar ref.**

**Dato:**

27.03.2026

## Referat frå møte 25. mars 2026 - Endring av rekkefølgekav - Detaljreguleringsplan Stad skipstunnel

*Stad:* Teams-møte

*Tidspunkt:* kl. 09.00 – 9.50.

*Deltakarar:* Harald Inge Johnsen (prosjektleder Kystverket) Espen Viddal (Project Direktør Cowi), Kristine Dahl (kommunedirektør Stad), Gry Otneim Leikanger (fagleder plan Stad), Svein Otto Melheim (prosjektleder Stad). Ordførar i Stad Judith Kvåle deltok frå kl. 9.35.

Stad kommune har ved brev datert 20. mars 2026 varsla mindre endring av detaljreguleringsplanen for Stad skipstunnel, planID 2022010. Søkjar er Cowi på vegne av Kystverket.

I ovannemnde skriv vart søkjar sine forslag til reviderte føresegner knytt til punkt 11.2.2.2 bokstav c og d og punkt 11.2.3.2 bokstav d ikkje imøtekomne.

Ovannemnde endringsforslag vart vurdert på nytt i møte 25. mars 2026, og det er no semje om følgjande:

- Punkt 11.2.2.2 bokstav c kan endrast til: *Nytt høgdebasseng i Kjøde må vere sikra opparbeida i medhald av godkjend teknisk plan for VAO av kommunen.*
- Punkt 11.2.2.2 bokstav d kan endrast til: *Vassledning frå Vanylven kommune må vere sikra opparbeida, i medhald av godkjend teknisk plan for VAO av kommunen.*
- Punkt 11.2.3.2 bokstav d kan endrast til: *Nytt høgdebasseng på Berstad må vere sikra opparbeida i medhald av godkjend VAO-rammeplan, godkjend teknisk plan for VAO og godkjend beredskapsplan.*

I e-post av 26. mars 2026 ber Kystverket vidare om at punkt 11.2.2.2 e) og 11.2.3.2 e) blir endra til følgjande formulering: «*Godkjend løysing for slokkevann i samsvar med beredskapsplan må dokumenterast.*» Forslaget er etter ein ny gjennomgang akseptert av Stad kommune.

Endring av ovannemnde føresegner vert innarbeidd i framlegget til endra reguleringsføresegner til detaljreguleringsplan for Stad skipstunnel, som skal handsamast av Stad formannskap 30. april 2026. Kommunedirektøren vil orientere Statsforvaltaren om saksang og bakgrunnen for endringane.

Stad kommune vil ta omsyn til ovannemnde ved varsel om mindre endring av reguleringsplanane for Lesto og Kjøde.

Med venleg helsing

Kristine Dahl  
kommunedirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

*Ver venleg å oppgje referansenummer 26/19269 dersom du tek kontakt med oss.*

**Kopi til:**

Gry Otneim Leikanger  
Svein Otto Melheim